
Fra: "Henrik Sørensen Lindås" <henriksl@broadpark.no>
Sendt: 12. februar 2015 11:54
Til: Postmottak Lindås
Emne: Merknad til dispensasjonssøknad gbnr 108/88 sak 15/422

Til Byggesak
Merknad til dispensasjonssøknad gbnr 108/88 sak 15/422

Eg ser der no er kommen inn søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for utbygging av Rognaldsen Bakeri. Eg er ikkje direkte nabo, har ikkje motteke nabovarsel, men er likevel sterkt berørt gjennom trafikksituasjonen og utsynet til industriområdet. Eg håpar likevel det er greit at eg sender inn mitt syn på saka her.

Eg ønsker å gjere mitt standpunkt høyrte gjennom dei prosesser som ligg til grunn gjennom gjennomføring av ein reguleringsplan. Eg har ikkje i utgangspunktet noko i mot ein utbygging av bakeriet, men meiner det er omsyn som no må takast for å sikre det beste for bygda og for industrien.

Slik eg ser det er det flg argument for at der bør lagast ein reguleringsplan for området.

- Tiltaket er stort, rundt 1000m²
- Anlegget er allereie dominerande, det er innsyn til industriområdet frå heile nedre Lindås. Området opplevest som tildels skjemma. Tilbygg vist i søknad vil være 9,30 meter høgt, komme bak eksisterande lavare bebyggelse og vil være mot den mest eksponerte sida av anlegget. Dette vil gje eit endå meir dominerande inntrykk enn dagens situasjon.
- Næringsområdet vart laga til for mange tiår sidan, det hadde ikkje vore satt av til næring om det hadde vore søkt om dette i dag
- Det finnes allereie store næringsareal i Lindås nord, der alle argumenta her er dekkja. Det er blant anna til salgs eit område på 45da ved kolåskrysset.
- Trafikksituasjonen der ein har stor lastebil trafikk på smal veg gjennom bustadområde. Det er omlag 2 km frå industriområdet og til hovudveg. Det er ikkje trafikksikra for mjuke trafikantar. Dette er skuleveg for Nedre Lindås
- Tiltaket bryt vesentlig med eksisterande utbyggingsstruktur i området som er småhusbebyggelse.
- Tiltaket fører til vesentlig utvidet bruk av området
- Tiltaket ligg i strandsona Vegetasjonsdekke mot anlegget vart fjerna for nokre år sia, red pkt 2.30 i kommuneplanen
- Infrastruktur til offentlig veg er for dårlig.
- Det må gjerast klart kva avløp og utslipp til lindåspollen anlegget har
- Tiltaket medfører allereie i dag støyplage for naboar. Dette er i strid med kommuneplanens 2.28
- Slik eg ser det medfører tiltaket vesentlig miljøplage for naboer- utsyn, trafikk, manglande vegetasjon, støy
- Det er ikkje eit kollektiv tilbod.
- Eg antar at det er mange som vil ha eit ønske om å bli hørt gjennom ein offentlig reguleringsprosess då tiltaket slik eg ser det ikkje kun berører næraste naboer, men heile nedre Lindås.

- Andre område på nedre Lindås har rekkefølgekrav om utbygging av ny veg til kolåskrysset frå ådnevik. Rognaldsen har ein stor del av trafikkbelastningen som ligg til grunn for desse rekkefølgekrava. Det er rimeleg at dei som næringsaktør i området også bidrar til å løyse denne situasjonen, som dei i stor grad bidrar til sjølv.
- Det er uklart for meg kva konditori er i søknaden, om dette er utsalg av bakerivarer i butikk så vil dette føre til ytterligere trafikkbelastning og det må gjerast klart om dette er i samsvar med formålet i kommuneplan.

Alle desse punkta vil kunne verta avklart gjennom ein reguleringsplan. Dette vil kunne løysa mykje til beste både for industrien og for bygda. Slik eg ser det er det ingen fordelar med å innvilga dispensasjon.

Mvh
Henrik Lindås
97604092